



Brazzooka spelar i Haugesund i fjor

**Sildajazzen er i gang i Haugesund, sola skin og det ligg an til storveis dagar i sildabyen. Også i år skal ungdommane i Brazzooka bidra med stemingsskapande riot-jazz. Publikum kan oppleve bandet både fredag kveld og ved fleire høve lørdag**

Fredag kl.21.30 spelar dei i teltet ved 'To glass'. Same stad spelar bandet og lørdag ettermiddag kl. 16.30, men før dei kjem så langt har muskarane hatt ein aktiv lørdag.

På føremiddagen deltar dei i den store Streetparaden før dei har konsert på Maritim Utescene kl. 14. Ved alle konsertane vert det heilt sikkert eit stort publikum, og det vert nok og mange kvinnheringar som vil høyre det populære ungdomsbandet der uskedelingane Bjørn Naterstad (trombone) og Sindre Aksnes (slagverk) er to av åtte medlemmer.

Brazzooka deltok på Sildajazzen for første gang i fjor. Då gjorde dei ein glimrande figur til begeistring for eit stort publikum.

Dei gleder seg stort til nye opptredningar i helga, og etter ein aktiv periode skulle det vera eit svært veltrimma band som entrar scenane.

Av Thor Inge Døssland